



## Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Telefonmøte  
Dato: 10.08.17  
Klokkeslett: 14.00 – 14.30

### Tilstades på møtet

#### Medlem:

Knut Sygnestveit  
Stig Yngve Røkenes  
Atle Ulgenes  
Lars Helge Ljone  
Ingrid Sponheim

#### Sekretær:

Harald Normann Andersen

#### Saksliste

Sak 14/17     Lokal forskrift for motorferdsel i utmark og på vassdrag, Ulvik herad,  
Hordaland     10.08.17

#### Saksutgreiing:

Det vart sist tysdag 08.08.2017 observert ein stor pioner båt med 100 hk på Langavatnet i Ulvik statsallmenning. Vanleg praksis på vann over 2 km<sup>2</sup> i Ulvik statsallmenning har vore båtar med motor inntil 10 hk. Dagleg leiar og leier har sidan tysdag motteke fleire telefonar og sms frå fiskarar og andre brukarar av Osafjellet der dei stiller spørsmål om dette er lovleg. Fjellstyret meiner at ein bør regulere storleik på motor på vatna i Ulvik Statsallmenning.

I.h.h.t «Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag § 4, siste avsnitt er «ferdsel med motorfartøy tillatt på innsjøer som er 2 km<sup>2</sup> eller større, på elvestrekninger, og på innsjøer mindre enn 2 km<sup>2</sup> dersom disse inngår som en del av et farbart vassdrag. Kommunen kan likevel bestemme at ferdsel som nevnt helt eller delvis ikke skal være tillatt».

**Framlegg til vedtak:**

Ulvik fjellstyre ynskjer at Ulvik herad skal koma med ei lokal forskrift som seie noko om kva storleik på motor som skal vere tillat i Ulvik statsallmenning. Fjellstyret kjem med framlegg om maks motorstorleik på 10 hk på Langavatn og 6 hk på Rundavatn og Finsevatn. Det kan berre nyttast besindrevet motor. Det er tillat å nytta elektrisk påhengsmotor.

**Vedtak:**

Samrøystes

**Underskrifter**

Me stadfester at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit Stig Yngve Røkenes Atle Ulgenes Lars Helge Ljone Ingrid Sponheim

**Kopi til**

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda, Vinjesvingen 665, 3890 Vinje
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Hardangervidda Fjelloppsyn as. P.b. 2, 5731 Ulvik
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer